

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 11.11.2015

Marthe Hammer sette fram forslag til endra innstilling

Nytt forslag 1: Et Sotrasamband som foreslått i reguleringsplanen vil innebære at vegkapasiteten i området blir tredobla, etter at ny firefeltsveg er bygt og dagens to-feltsbru er ferdig rehabilert. Reguleringsplanen innebærer eit grovt brot på lokale, regionale og nasjonale målsettingar. Både Klimaforliket og Nasjonal Transportplan slår fast at all vekst i persontransport skal skje ved at folk går, sykler eller reiser kollektivt. Det er nødvendig med ein kraftig reduksjon av personbiltrafikken i Bergen innan 2030. Med sin massive satsing på auka bilkapasitet, undergrev reguleringsforslaget overordna mål, og fire av dei seks hovedmåla som den skal oppfylle. Planforslaget er eit klart brot med Klimaforliket og Nasjonal Transportplan 2014.

2. Tillegg punkt 2: Etter 2. Setning: Dette betyr gjennomgåande kollektivtrasè.

Tillegg punkt 2: Planen må også dimensjoneraast for ei framtidig bybane til Straume. Mellom Sotra og fastlandet skal det til saman fortsatt berre vera to felt for bilar, som i dag.

Nytt punkt 6. Reguleringsplanen må inkludere separate og adskilte gang- og sykkelveg på heile strekningen.

Natalia Golis sette på vegne av MGD og V fram forslag til ny innstilling pkt 2.

2. Fylkesutvalet meiner det er avgjerande at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer den nasjonale målsetjinga om at framtidig trafikkvekst skal skje med kollektivtransport, sykkel og gang jmf. vedtatt Klimaplan for Hordaland. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert **prioritert på gjennomgåande kollektivtrasé i frå kollektivknutepunkt og inn til sentrum** frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivprioritering på lokalvegen mellom Bildøy og Straume terminal.

Jon Askeland sette på vegne av SP, H, A, KRF, FRP fram forslag om endra pkt 2 og 4.

Pkt 2 siste setning.

I tillegg bør det vera kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume/Bildøy.

Nytt pkt 4.

Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeidar innfartsparkeringar der kommunen sjølv ser det høveleg.

Røysting

Marthe Hammer sitt forslag fekk 1 røyst og fall

Natalia Golis sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, V) og fall.

Jon Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 3 og 5 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

- Reguleringsplanane for riksveg 555 Sotrasamabandet er svært viktig for å legge til rette for bedre framkomst og vidare regional utvikling i Bergensområdet. Planforsлага er i tråd med regionale mål innan effektiv nyttetransport og redusert sårbarheit i transportsystemet, tilrettelegging for sykkel- og gange, og god senterutvikling i regionsenteret på Straume.

2. Det er avgjerande viktig at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert og utforma på ein måte som underbyggjer målet om nullvekst i personbiltransporten. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kollektivtrafikken vert prioritert på strekninga Straume til Storavatnet frå første dag det nye sambandet opnar, og tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vera kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume/Bildøy.
3. Hordaland fylkeskommune rår til at terminalplassering B (nordvest for Olsvikkrysset) vert valt for ny terminal ved Storavatnet. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert starta arbeid med ein reguleringsplan for terminal B inkludert påhogg for ny busstunell frå Storavatnet til Liavatnet så snart som rå.
4. Hordaland fylkeskommune rår til at Fjell kommune innarbeidar innfartsparkeringar der kommunen sjølv ser det høveleg.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at:
 - a. areal på Kolltveit med fire automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner.
 - b. areal på Søre Bildøy med to automatisk freda kulturminne i tilstøytande areal til områdeplan rv 555 Sotrasambandet, Fjell kommune, blir inkludert i planen med arealføremål LNF og omsynssone c og d med tilhøyrande føresegner
 - c. det vert tatt omsyn til kulturmiljøet i Knarrevika i tråd med retningsliner til kommuneplanen sin arealdel ved gjennomføring av tiltak i dette området.